



SELJE KOMMUNE

Formannskapet

Møtebok

Møtedato: 23.04.2014

Møtetid: Kl. 12:00 – 20:30

Møtested: Kommunehuset, 3. etg.

Saksnr.: 036/14 - 047/14

Følgjande medlemmer møtte

TP: Ottar Nygård. SP: Gunn Sande. UAVH: Toril Sande.

FRP: Svein Hansen, Anne Lise Drage. KRF: Raymond Myren. H: Kenneth Brandal.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

Ingen

Følgjande varamedlemmer møtte

Ingen

Følgjande frå administrasjonen møtte

Rådmann Reidar Sandviknes.

Kommunalsjef Oppvekst Bård Fløde møtte i sakene 045/14 og 047/14.

Fungerande rådmann Åse Elin Hole, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

7 voterande.

Informasjon :

Møtet starta med orientering frå Sogn og Fjordane Energi (SFE) v/Terje Gjengedal og Martin Holvik.

Tema: SFE-aksjane til Selje kommune.

Møtet var lukka/unnateke off. under orienteringa - Kommunelova §30-pkt.4 og §31- pkt.5

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
036/14	Godkjenning av møtebok
037/14	Delegasjonssaker
038/14	Referatsaker
039/14	Nordfjord Vekst AS - Val av representant til styret
040/14	Kartlegging av sjø og sjøbotn - prosjekt for kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora.
041/14	Førespurnad om leige av næringsareal - Flatraket eldretun
042/14	Hove aktivitetssenter - Oppføring garasje
043/14	Avgifter og gebyr 2014 - Gebyrregulering som fylgje av budsjett 2014
044/14	Oppgradering Stadlandet legekantor for 2 samstundes praktiserande legar
045/14	Omstilling - Ytre Stad Barnehage
046/14	SFE-aksjane - Eventuelt sal
047/14	Økonomisk omstilling Selje kommune (2) - Budsjett 2014

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	036/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/258
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 09.04.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande.

Merknad frå FRP:

Ønsker å ha med økonomisk rapport for oppfølging.

Etterlyst i FS sitt møte 09.04.14 under sak 027/14 Referatsaker.

FS-036/14 VEDTAK

Godkjenning av møteboka utsett til neste møte.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	037/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/256
---	----------------------	-----------------------------

Delegasjonssaker

DFS. 001/14: Gbnr. 29/5 - Delingssak - Grunneigedom - Ole Borgund

DFS. 004/14: Gbnr. 13/12 - Delingssak - Grunneigedom - Gunnar Aarsheim

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande.

FS-037/14 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	038/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/257
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/1842	U	14.04.2014	Formannskapet i Selje	Sjukefråvær - informasjon og eventuelle tiltak
2	14/1884	U	15.04.2014	Formannskapet	Notat - Administrativ og politisk omorganisering

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande

Tilleggsreferat:

3.Bemanning ved Selje lensmannskontor.

4.Økonomisjef - Økonomisk rapport, dat. 23.04.14

5.Brev, dat. 22.04.14 frå Foreldre v/Ytre Stadlandet barnehage – Vedk. privat barnehage

6.Brev, dat. 26.03.14 frå Trygg Trafikk - Tilbod om medlemskap

FS-038/14 VEDTAK

1.Ikkje off. - Teke til vitande.

2.Ikkje off. - Status / orientering om administrativ og politisk organisering lagt fram i møtet.
Teke til vitande.

3.Ordførar orienterte om at lensmann Bård Didriksen skal hospitere ved Operasjonsentralen i Florø i perioden 01.05. - 01.09.2014. Tor Sæther vert konstituert som lensmann i Selje i dette tidsrommet. Kontoret vert bemanna som tidlegare; måndag, tysdag og torsdag. Kontoret steng i perioden 23.06. -18.08. 2014.

4.Økonomisjef Monika Sjøstad la fram/orienterte i møtet vedk. Økonomisk rapport «Forbruk periode 1-3 pr. 23.04.14» og «Forbruk løn pr. 31.03.2014» Teke til vitande.

Protokolltilførsel:

- Rapportane sendast direkte til Formannskapet av rådmann.
- Tenesteleiarane med overskriding skal levere inn merknader skriftleg til rådmann.

5.Brev vedk. privat barnehage Ytre Stadlandet vart utdelt i møtet.

Dokumentet høyrer til i FS sak 045/14. Teke til vitande.

6. Medlemskap vert ikkje tinga. Teke til vitande.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	039/14
Kommunestyret	28.04.2014	031/14

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FE-026	Arkivsak 14/250
--------------------------------------	------------------------	---------------------------

Nordfjord Vekst AS - Val av representant til styret

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	S	09.04.2014		Nordfjord Vekst AS - Val av representant til styret
1	I	09.04.2014	Nordfjord Vekst	Protokoll - Generalforsamling Nordfjord Vekst 2013

Saka gjeld

Val av kommunal styrerepresentant med vara til styret i Nordfjord Vekst AS

Opplysningar til saka

Protokollen frå Generalforsamlinga 2013 i Nordfjord Vekst AS syner at valperioden til Selje kommune sitt styremedlem med vara er ute. Kommunale styremedlemar skal veljast av kommunestyra i 2012, for 2 år om gongen.

Gunn Helgesen har vore styremedlem og Ottar Nygård har vore personleg vara.

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune sin representant i styret til Nordfjord Vekst AS bør vere ordføraren. Kommunen må kunne nemne opp sin representant for kommunestyreperioden.

Konklusjon

Selje kommune nemner opp ordføraren med personleg vara til styret i Nordfjord Vekst AS

Saksgang

Formannskapet tilrår til kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret nemner opp fylgjande representant til styret i Nordfjord Vekst AS:

Medlem: Ottar Nygård.

Personleg vara: Gunn Helgesen

Funksjonstid: Kommunestyreperioden.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande

Framlegg frå UAVH:

Grunna kjønnskvoteingsregelen ynskjer Selje kommune å holde fram med ei kvinne i Styret for Nordfjord Vekst.

Medlem: Varaordførar Gunn Sande

Personleg vara: Ordførar Ottar Nygård

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 2 røyster for og 5 røyster mot.

Framlegg frå UAVH fekk 5 røyster for og 2 røyster mot.

FS-039/14 FRAMLEGG

Grunna kjønnskvoteingsregelen ynskjer Selje kommune å holde fram med ei kvinne i Styret for Nordfjord Vekst.

Medlem: Varaordførar Gunn Sande

Personleg vara: Ordførar Ottar Nygård



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	040/14

Sakshandsamar Kristian Nave	Arkiv FA-L20	Arkivsak 14/259
--------------------------------	-----------------	--------------------

Kartlegging av sjø og sjøbotn - prosjekt for kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora.

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	11.03.2014	Sundby, Trond Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Kartlegging av sjø og sjøbotn - NGU og HI sine prosjekt - presentasjonar.
2	I	04.04.2014	Sundby, Trond Sogn og Fjordane Fylkeskommune	Prosjekt. Kartlegging av sjø og sjøbotn - Notat kartleggingsprosjekt

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.04.2014	Florø NGU 6 mars 2014 NGU.pdf	54962
14.04.2014	Presentasjon HI Florø og Svelgen mars 2014.pdf	54963
14.04.2014	NOTAT Kartleggingsprosjekter i Sogn og Fjordane.doc	54969

Saka gjeld

Selje kommune er saman med tre andre kommunar invitert til å delta i eit samarbeidsprosjekt som går ut på ei omfattande kartlegging av sjø og sjøbotn i kommunen, «marine grunnkart». Dei andre partane i prosjektet er Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Norges Geologiske Undersøkelser (NGU), Havforskningsinstituttet (HI) og næringslivet. HI vil gjennomføre eit prosjekt i Bremanger kalla «Aktiv forvaltning». Desse prosjekta er ulike men utfyller kvarandre.

Opplysningar til saka

Prosjekta er aktuelle for våre områder fordi desse kommunane er relativt godt dekkja av djupnedata frå multistråleekkolodd. Bremanger har 100 % dekning, Vågsøy 90 %, Selje 79 % og Flora 62 %. «Aktiv forvaltning» i Bremanger vil kunne gje positiv effekt for kommunane rundt når det gjeld biologiske ressursar og forvaltning.

Rapporten «Verdiskaping basert på produktive hav i 2050» framlagd av den førre regjeringa i 2012 spår ei 6-dobling av sjømatnæringa og ein omsetningsverdi på 550 mrd kroner innan 2050, mot 90 mrd kroner i dag.

Eit slikt samarbeid blant likeverdige partar vil krevje finansiering frå alle deltakande partar. Det er sett opp eit framlegg til finansiering, sjå vedlegg «NOTAT Kartleggingsprosjekt..» For Selje kommune seier finansieringsframlegget kr. 55.000,- for 2014 og kr. 60.000,- for kvart av åra 2015 og 2016.

Her ser ein og at næringslivet er ein del av finansieringa og vert med det ein del av prosjektet.

Finansiering

Spørsmålet om finansiering er ikkje løyst men blir å kome attende til.

Sakshandsamar si vurdering

Dette prosjektet vil vere eit godt grunnlag for utvikling i kommunen. Vi har no ei utsikt til å komme i gang med dette blant dei første i landet. Det kan vere eit fortrinn i utvikling av marine næringar i kommunen.

Dersom kartlegginga vert gjennomført vil det bli eit svært omfattande kunnskapsgrunnlag for utnytting av sjøområda og sjøbotnen ut til ei nautisk mil ut om grunnlinja. Det vil og vere eit framifrå grunnlag for utarbeiding av kystsonenplan, helst samla plan for alle kommunane.

Utviklingspotensial og kvalitet på plan vil vere langt større enn det vi kjenner til i dag.

Det knyter seg framleis litt uvisse om korleis prosjektet blir utforma i detalj fordi det ikkje er godt forankra og handsama blant alle samarbeidande partar enno. Slik det var å forstå på møte om «marine grunnkart» i Florø 6. mars er NGU klar med kapasitet og midlar til å gjere jobben.

Det har ikkje vore tid til handsaming eller høve til å ta stilling til finansiering blant nokon av dei andre partane. Fylkeskommunen er ein aktiv part i prosessen og saka vil bli handsama politisk i Hovudutvalet for plan og næring den 27.05.2014.

Konklusjon

Selje kommune ynskjer å bli ein del av dette prosjektet.

Saksgang

Handsaminga i Fylkeskommunen (Hovudutval for plan og næring) 27.05.2014 vil vere avgjerande for den vidare utvikling av prosjektet «marine grunnkart».

Det vil deretter vere avgjerande at dei andre partane deltek i prosjektet og finansieringa.

Finansieringss spørsmålet vert drøfta i styret for Nordfjord Vekst 24.04.2014.

Det er kommunestyret som har mynde til å gjere bindande vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Formannskapet i Selje kommune ser stort potensial i kartleggingsprosjektet «marine grunnkart» og ser gjerne at kommunen vert ein del av dette. Spørsmålet om finansiering er ikkje løyst men blir å kome attende til.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes

FS-040/14 VEDTAK

Formannskapet i Selje kommune ser stort potensial i kartleggingsprosjektet «marine grunnkart» og ser gjerne at kommunen vert ein del av dette. Spørsmålet om finansiering er ikkje løyst men blir å kome attende til.

Samrøystes.

Utskrift til:

Sakshandsamar sender vedtak til aktuelle partar.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	041/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Merete Nerland	FE-614	14/246

Førespurnad om leige av næringsareal - Flatraket eldretun

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	25.03.2014	Gangeskar Bygg AS	Leige av katorlokale Flatraket

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
09.04.2014	Teikning kjellaretasje Flatraket eldretun.pdf	27144

Saka gjeld

Førespurnad om leige av næringsareal.

Opplysningar til saka

Frank Arne Gangeskar har starta firmaet Gangeskar AS på Flatraket. Han ønskjer å leige delar av kjellaretasjen på Flatraket eldretun til kontorlokalar for sin bedrift. Da firmaet er nyoppstarta kan dei ikkje betale meir enn 2.000,- pr. mnd.

Kjellaren på eldretunet har tidlegare vore utleigd til næringsverksemd og barnehagedrift. Kjellaren består av 2 brukseiningar, skilt av ein brannvegg med ei branndør. Nordre eining er på om lag 75 m² medan søndre eining er på omlag 145 m² (hvorav 70 m² av disse er på eit opphøgd golv med redusert takhøgd). Frank Arne Gangeskar ønskjer å leige nordre eining.

Sakshandsamar si vurdering

Dersom kommunen leig ut nordre del av kjellaren til 2.000,- pr. mnd, vil leigeprisen pr. m² bli 343,- pr. år. Ein leigepris på 343,- pr. m² pr. år er ein svært lav leigepris for næringsareal.

Det har vore liten interesse for å leige det omsøkte arealet dei seinare åra. Dersom ein leiger ut nordre eining til 2.000,- pr. mnd. (343,- pr. m² pr. år) så vil eigeomsavdelinga få ei

bruttoinntekt på 24.000,- pr. år. Dersom denne prisen skal dekke alle drifts- og vedlikeholdskostnadane som kommunen har på areala i leigeperioden, vil ein kunne risikere og sitte igjen med nettoutgifter på å leige ut. Alternativt kan ein inngå ein leigeavtale kor prisen er eksklusiv all innvendig vedlikehald, samt driftskostnadar som straum, kommunale avgifter og liknande.

Konklusjon

Gangeskar AS v/Frank Arne Gangeskar får leige nordre eining av kjellaretasjen på Flatraket eldretun, for kr. 2.000,- pr. mnd, ekskl., driftsutgifter og innvendig vedlikehald.

Tenesteleiar ved eigedomsavdelinga får mynde til å utferdige leigekontrakt.

Saksgang

Frå 2. mai er planen at Gangeskar AS skal ha 4 tilsette. Det hastar difor for Frank Arne Gangeskar å få ei avklaring i saka. Det blir for lenge for han å vente på ei avklaring i driftsutvalet den 28. mai. Saka blir difor lagt fram for formannskapet som gjer vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Gangeskar AS v/Frank Arne Gangeskar får leige nordre eining av kjellaretasjen på Flatraket eldretun, for kr. 2.000,- pr. mnd, ekskl., driftsutgifter og innvendig vedlikehald.

Tenesteleiar ved eigedomsavdelinga får mynde til å utferdige leigekontrakt.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande

Framlegg frå UAVH:

Gangeskar AS v/Frank Arne Gangeskar får leige nordre eining av kjellaretasjen på Flatraket eldretun, for kr. 4.500,- pr. månad, eksklusive driftsutgifter og innvendig vedlikehald.

Tenesteleiar ved Eigedom får mynde til å utferdige leigekontrakt.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 4 røyster for og 3 mot.

Framlegg frå UAVH fekk 3 røyster for og 4 mot.

Formannskapet var samrøystes for fylgjande tillegg til tilrådinga:

Husleigeavtala skal reforhandlast innan eitt år frå dato for inngåelse av avtale.

FS-041/14 VEDTAK

Gangeskar AS v/Frank Arne Gangeskar får leige nordre eining av kjellaretasjen på Flatraket eldretun, for kr. 2.000,- pr. mnd, ekskl., driftsutgifter og innvendig vedlikehald.

Tenesteleiar ved eigedomsavdelinga får mynde til å utferdige leigekontrakt.
Husleigeavtala skal reforhandlast innan eitt år frå dato for inngåelse av avtale.

Utskrift til:

Gangeskar AS v/Frank Arne Gangeskar

Økonomiavd.

Revisor

Driftsutvalet

Helse- og Omsorg



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	042/14
Kommunestyret	28.04.2014	025/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Liv Wenche Sjøthun	FE-	14/190

Hove aktivitetssenter - Oppføring garasje

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	15.04.2014	Finn Ove Prosjektleder Hove Arnes	Garasje

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.04.2014	Sak_garasje_Hove_vedlegg 1.pdf	54994
15.04.2014	Sak_garasje_Hove_vedlegg 2.pdf	54996
15.04.2014	Sak_garasje_Hove_Budsjett_vedlegg 3.xlsx	54995
15.04.2014	Sak_garasje_Hove_NAV_vedlegg 4.pdf	54992

Saka gjeld

Oppføring av garasje ved Hove aktivitetssenter.

Som eit ledd i prosessen med å utvikle Hove aktivitetssenter (heretter kalla Hove), ser ein eit stort behov i å få byggje eit garasje anlegg i tilknytning til Hove. Dette for å kunne auke kapasiteten utover det ein har i dag. Ein ynskjer å etablere eit bygg som kan ivareta allereie eksisterande aktiviteter for dei brukarane som jobbar ved Hove i dag. Samt posisjonere seg slik at ein kan tilføre og leggje til rette for eit utvida tilbod til andre brukargrupper som mottar kommunale tenester frå Selje kommune.

Ein ser føre seg at dette bygget skal være med på og oppretthalde eksisterande produksjon, i tillegg til å auke produktiviteten og innteningspotensialet ved Hove. Den planmessige utforminga av bygget er med utgangspunkt i at ein skal kunne nytte garasjen til ulike produksjonsformål, og skal skape grunnlag for varige og etablerte arbeidstiltak – på tvers av dei kommunale tenestene.

Opplysningar til saka

Det vart allereie i 2011 – etter eit langvarig ynskje om å få auka kapasiteten ved Hove – tatt initiativ til å byggje garasjen. Av forskjellige årsaker blei det ikkje verksatt noko utover en del korrespondanse mellom ulike etatar i kommunen. Det ligg kr. 305 115 på fond som er øyremerkta psykiatri midlar. Det blei forstått at desse midlane skulle brukast i forbindelse med oppføring av eit garasje bygg på Hove.

No er ein i prosessen med å oppføre garasjen. Det er blitt skissert ei teikning frå eigedom (vedlegg 1 & 2) og konkuransgrunnlaget er ferdig utarbeidd. Det må poengterast at budsjettet (vedlegg 3) er utarbeida med utgangspunkt i en standardisert nasjonal kostnads mal som blir brukt i forbindelse med anbodskriteria. På grunn av den høge kostnaden ein har stipulert med, har ein valt å gå vekk i frå en total entreprise, og heller dele arbeid og byggevarer opp i delar og innhente prisar frå ulike leverandørar.

Bakgrunn

Gjennom samhandlingsreforma er og blir kommunane pålagde eit mykje større ansvar i å legge til rette og tilpasse for individuell oppfølging av personar som er i ein habilitering- og rehabiliteringsfase. utfordringane med at ein stor del av innbyggjarane i Selje kommune mottar offentleg stønad, er også eit område som må vektleggjast i mykje større grad. Ein føresetnad vert då at kommunen har eit etablert tilbod som kan møte desse utfordringane.

Situasjon i dag

Hove har i dag ved-produksjon, produksjon av rastebord, ulike møblement til både ute- og innandørs bruk (bord, stoler, dukkevogner, postkassestativ mm) som blir seld til privatpersonar, bedrifter og lag- og organisasjonar. Ein har opparbeidd seg et godt renommé, og kvaliteten på produkta står ikkje tilbake for noko anna tilsvarande.

I tillegg har ein no ein avtale med ein lokal fiske produsent om produksjon av oppbevaringskassar for sal av hermetiske fiskeprodukt. Ein har også ein bindande avtale med posten om vask av bilar. I tillegg tilbyr ein tenester til privat personar kva gjelder vask- og mindre førefallande arbeid med bilar. Det blir i desse dagar også lagt til rette for tilverking av mat (salat, smørbrød) for sal internt i kommunen. På lengre sikt, opnar ein også opp for ei utviding av dette tilbodet i eit større omfang.

Det har vore eit langvarig behov for ein auka produksjon ved Hove for å kunne imøtekomme etterspurnaden av dei ulike produkta enn tilbyr. Og ein ser føre seg et markant større innteningspotensialet ved å få utvida kapasiteten i form av eit garasje bygg. Dette forklarar med at vêrtilhøve og plassmangel fører til at ein ofte har måtte redusere og/eller stoppe produksjonen. Ein garasje vil kunne eliminere desse faktorane, då ein kan utføre produksjon under tak - uavhengig av årstidene.

Hove – eit arbeidssenter for samfunnsøkonomisk utvikling

Hove er og har vært primært eit dag tilbod og ein arbeidsplass for brukarar med psykisk utviklingshemming. Forut satt at grunnlaget for produksjon er til stede – her under “riktige” vêrtilhøve, kapasitet og lagringsplass – så er dette eit godt og vel fungerande tilbod for desse brukarane. Ein stad der dei opplever mestring i kvardagen, byggjer relasjonar og er aktørar i eit miljø som legger premissane for personleg utvikling og sosial deltaking..

Tall frå NAV syner at Selje kommune toppar statistikken over personar som er innrullert i ulike formar for offentlege tiltak. Tall frå samanliknbare kommunar i Sogn og Fjordane (vedlegg 4), går det klårt fram at Selje slit med ein svært høg del av befolkninga som mottar offentleg støtte gjennom ulike tiltak.

Ein arbeiddar no med å legge til rette og skreddarsy eit arbeidspraksis tilbod for brukarar underlagt NAV. I den forbindelse ynskjer ein å kartlegge arbeidsevna til den enkelte som eit ledd i å forberede dei på ein meir varig og permanent arbeidssituasjon. Her vil ein kunne tilføre Hove tiltrengde ressursar, samstundes som ein arbeiddar målretta med arbeidstrening for denne gruppa. Det fylgjer økonomiske midlar knytt opp mot kvar einskild brukar. Og desse midlane vil kommunen få overført frå NAV.

Det er også eit mål at Hove skal fungere som ein sosial arena for dei menneskja som av ulike årsaker ikkje er i stand til, eller har problem med å tilpasse seg i lokal samfunnet. I eit helse messig perspektiv, vil ein kunne arbeide førebyggjande ved å gje dei moglegheitene til å etablere sosiale nettverk og bidra til personleg utvikling.

Lover/regelverk

Lov om pasient- og brukarrettigheit (pasient- og brukarrettigheitslova)

Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven)

Finansiering

Anno april 2014 står det 305 115 kroner disponible til oppføring av garasje. Ein ber om eit utvida lån på kr. 500 000 som skal dekke opp for resterande utbyggingskostnader. Som nemnt tidlegare har ein gått vekk frå ein total entreprise. Dette har resultert i at ein har rekna seg fram til ein stipulert kostnadsramme på kr. 800 000,-. Det er også kalkulert med ein del eigeninnsats for å redusere kostnadane ytterlegare.

Konklusjon

Med utgangspunkt i samhandlingsreforma, så vil Selje kommune måtte ta eit mykje større ansvar i forhold til koordinering, behandling, førebygging og oppfølging av innbyggjarar som mottar kommunale tenester framover. Som eit føre var prinsipp, så er det særdeles viktig at kommunen allereie no ser på Hove som ein del av ein framtidig plattform for å kunne møte desse utfordringane. Ivaretaking og nyetablering av ulike aktivitetar er faktorar som er særskild viktige i denne prosessen. Og ikkje minst må ein sjå på Hove som ei kommunal eining som kan tilføre kommunen auka inntekter i eit framtidsretta perspektiv.

Med oppføring av eit garasje bygg, vil Hove tene som ei sårt tiltrengt eining for å skape auka produktivitet og sysselsetjing. Ved å samlokalisere ulike brukargrupper ved Hove og tilby eit variert tilbod av aktivitetar, vil ein parallelt med å auke innteningspotensialet, fremje sosial likskap, likeverd, mestring og hindre stigmatisering av grupper og einskilde personar. Ein vil samstundes – med ulike arbeidstreningstiltak i samarbeid med NAV – legge til rette for at overgangen til arbeidslivet vert mest mogleg smertefri.

Saksgang

Handsama i Formannskapet. Endeleg handsaming i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Det vert bedt om at respektive partar sluttar opp om eit felles vedtak om oppføring av garasje ved Hove. Ein ynskjer å understreke viktigheita av å ha eit framtidsretta perspektiv på dei kommunale utfordringane ein har i dag, og som også kjem i forbindelse med samhandlingsreforma. Kommunen sine ansvarsområder vert utvida. Og det vert fleire

ressurskrevjande oppgåver som ein må ta stilling til. Dersom ein ikkje allereie no tenkjer framover og planlegg og legg til rette for alternative tilbod til dei ulike brukargruppene, vil ein måtte bruke unødvendig store ressursar for å stette dei lovpålagde oppgåvene. Derfor vil ei investering i eit garasje bygg tene Selje kommune. Ikkje berre på kort sikt, men også i eit utvia og lengre perspektiv

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande

Framlegg frå Formannskapet:

Kommunestyret gir løyve til å nytte psykiatrimidlane på kr. 305.115,- eksl. mva., som står til disposisjon til omsøkt føremål.

Kommunestyret oppmodar om at ein søker etter andre løysingar som kan nyttast til føremålet og dermed unngå unødige investeringar.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for.

FS-042/14 FRAMLEGG

Kommunestyret gir løyve til å nytte psykiatrimidlane på kr. 305.115,- eksl. mva., som står til disposisjon til omsøkt føremål.

Kommunestyret oppmodar om at ein søker etter andre løysingar som kan nyttast til føremålet og dermed unngå unødige investeringar.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet		
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		
Formannskapet	23.04.2014	043/14
Kommunestyret	28.04.2014	018/14
Driftsutvalet	28.05.2014	
Formannskapet	04.06.2014	
Kommunestyret	18.06.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FE-231	13/568

Avgifter og gebyr 2014 - Gebyrregulering som følge av budsjett 2014

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
13	I	24.01.2014	Rådgjevar Sverin Barmen	Oppdatert gebyrregulativ
15	I	23.04.2014	Tenesteleiar Eigedom	Reglement for utleige/utlån av lokale i skular og barnehagar i Selje kommune

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.04.2014	Gebyr og betalingsstsar 01.08.2014.pdf	54979
23.04.2014	REGLEMENT FOR UMLEIGE AV LOKALER I SKULAR OG BARNEHAGAR I SELJE KOMMUNE - REVIDERT 2014.doc	55201

Saka gjeld

Justering av kommunale gebyrsatsar som følge av økonomisk omstilling.

Opplysningar til saka

Budsjettvedtak for 2014 tok utgangspunkt i inntekter tilsvarande framlegg frå arbeidsgruppe nedsett i samband med arbeid med rapport frå Agenda Kaupang.

Rapporten peika på at Selje kommune har innanfor avgifter og gebyr eit inntektpotensiale som ikkje er teke ut. Arbeidsgruppa kom med framlegg om at fylgjande område kan prisast på

nytt: 1. vernepleie og praktisk bistand 2. Sjølkostområda 3. Oppmåling og sakshandsaming 4. Byggsaker 5. Utleige av kommunale skular/ barnehagar 6. Husleige
Tabellar med dei nye prisane ligg ved saka.

Lover/regelverk

K-sak 11/14 Økonomisk omstilling Selje kommune – Budsjett 2014

Sakshandsamar si vurdering

Oppmålingsgebyr er foreslått auka med 25% og vil no vere mellom dei høgaste i regionen. Tiltak etter PBL (Plan og bygningslova) er foreslått auka med om lag 10%. Husleige for kommunale utleigebustader er foreslått auka med 5%.

For å få effekt av pkt. 5, må reglement for utleige av skulebygg vurderast på nytt. Framlegg til nytt reglement er lagt ved saka.

Grappa vil ikkje gjere framlegg om større auke, før ein ser effekten av dette. Dersom gebyrauken fører med seg redusert aktivitet, vil ein ikkje oppnå høgare inntekter, som var meininga med gjennomgangen.

Saksgang

Saka går til Driftsutvalet, Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for merknad.

Formannskapet gir tilråding til kommunestyret og legg saka ut offentleg høyring.

Kommunestyret gjer endeleg vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Dei nye gebyrsatsane vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlagde tabellar.
2. Reglement for utleige skulebygg vert justert i samsvar med vedlegg til saka
3. Dei nye satsane vert ført inn i Gebyrhefte for 2014 og gjort gjeldande frå 01.08.2014

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande.

Orientering:

Sak 043/14 er ved ein feil komme med på saklista til Formannskapet 23.04.14.

Ref. sakshandsamar skal denne saka fyrst handsamast i Driftsutvalet / Eldrerådet og Råd..funksjonhemma før Formannskapet 04.06.14.

Saka til off. høyring – og så endeleg vedtak i Kommunestyret 16.06.14.

FS-043/14 VEDTAK

Saka går ut.

Handsaming i Formannskapet 04.06.14



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	044/14
Kommunestyret	28.04.2014	021/14

Sakshandsamar Åse Elin Hole	Arkiv FA-G21	Arkivsak 12/822
--------------------------------	-----------------	--------------------

Oppgradering Stadlandet legekantor for 2 samstundes praktiserande legar

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	03.03.2014	Kommunestyret	Legekantoret - Innlegg Kommunestyret 27.02.14
5	I	15.04.2014	Tenesteleiar Eigedom Merete Nerland	Byggningsmessige arbeid med oppgradering av Stadlandet helsesenter

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.04.2014	Budsjett oppgradering -Stadlandet Legekantor.xlsx	55004

Saka gjeld

Vedtak gjort i Kommunestyre KS-011/14; «Stadlandet legekantor vurderast oppgradert til kontor for 2 samstundes praktiserande legar.

Byggningsmessige krav frå aktuelle instansar vert identifisert og kostander ved tilsvarande oppgradering lagt på bordet.»

Opplysningar til saka

Stadlandet legekantor er pr. dags dato organisert slik at ein lege kan praktisere der. Legekantoret har venterom, legerom, eitt kombinert behandling/ akuttrom- resepsjon og pauserom og eitt rom for laboratoriearbeid, mottak av og henvendingar frå publikum. Kundetolett er ikkje tilpassa rullestolbrukarar. Romma stettar ikkje dagens krav om universell utforming og personvern. Inngangsparti har ein rampe som ikkje er godt nok tilrettelagt for rullestolbrukarar eller for ambulanse.

For at to legar skal kunne praktisere der samtidig, vil det krevje fylgjande tiltak:

- Innkjøp/gjenbruk av inventar og utstyr med tilsvarende støttefunksjonar.
- Kr 100 000,- (skap, hyller, kontorpuhtar, kontorstolar, og liknande
- Kr. 30 000,- (IT utstyr)
- Kr. 100 000,- (audiometri, akutt koffert, behandlingsbenkar, undersøkelseslampar, BT-apparat for 24 timers måling, oppgradering av noverande utstyr m.m)

(Dette er erfaringstall etter oppgradering ved Selje legekontor)

Legane vil trenge same kvalitet og tilgang på medisinsk utstyr som ved legekantoret i Selje.

Melin betalingsautomat. Selje kommune har inngått ei leasingavtale for ein betalingsautomat plassert ved legekantoret i Selje. Kommunen betaler den faste abonnementet og legane betaler ei tilknytningsavgift. Pasientar ved Stadlandet legekantor betaler kontant, dette er ei ordning som ein ynskjer å gå vekk frå. Vi har høve til å kople denne opp mot kantoret på Stadlandet for at alle skal ha same høve til betaling. Alternativet kan då vere at kommunen betaler for fakturagebyr pr pasient som for tida er kr 45,- pr pasient. (på årsbasis vil det koste kommunen mellom kr.40 – 60 000,-) dette for å unngå å belaste pasientane for denne utgifta.

Dagens telefonsystem og overgang til nødnett vil bli ei utfordring slik telefonsentralen er i dag. Legekantoret har eit gammalt system i høve det som er installert på kommunehuset.

Personale:

Helsesekretærar som arbeider ved legekantoret har sytt for at naudsynte dokument og materiell vert flytta mellom desse to legekantora. Dette krev både god logistikk og god planlegging. Slik arbeidsdagen er lagt opp krev dette gode samarbeidsrutinar og fleksibilitet av dei tilsette. Systemet er likevel sårbart ved fråvær og nyttilsetjing. Årsverk for helsesekretærar må vere som i dag for å sikre flyten i tenesta, og sjansen for meirarbeid og bruk av overtid er tilstades.

Finansiering

Meirkostnader knytt til etablering og utviding av arbeidsplassar til to legar vert om lag kr. 250 – 300 000,- (stipulerte tall). Dette er stort sett etableringskostnader, driftskostnader kjem i tillegg. Tenesteleiar ,Merete Nerland har utarbeidd ein oversikt over kostnader knytt til oppgradering av sjølve bygget, sjå vedlegg.

Sakshandsamar si vurdering

Sakshandsamar hadde 4 april ein arbeidsdag saman med alle tilsette ved legekantoret. Målet med dagen var. Korleis etablere ei moderne og framtidsretta legeteneste i kommunen? Tema som ein måtte belyse å ta stilling til var mellom anna: kvalitet på og forbetring av tenesta, kompetanse, kor tilgjengeleg er vi, effektivitet på arbeidsplassen, omdømme og samarbeidsklima. Dette er svært viktig med tanke på rekruttering og utvikling av legetenesta. Vi hadde ein gjennomgang av presentasjonen gjort i kommunestyre 27.02, og konklusjonen er at ein ynskjer å ha eitt legekantor i Selje. Med bakgrunn i erfaring, syner det at ein del pasientar kjem til legekantoret kunn for å ta blodprøver knytt til kontroll, førebuing til innlegging på sjukehus, blodprøve for innstilling av Marevan og blodtrykksmålingskontroll. Desse pasientane kan ein ivareta ved å etablere eit tilbod ved for eksempel Stadlandet eldretun. Ei oppgåve som ein helsesekretær kan ta seg av i samarbeid med behandlande lege. Dette er eit forslag som dei tilsette ved legekantoret kom fram med, og som er fagleg forsvarleg i fylgje legane.

Legane har ei skifteleg avtale med kommunen «Individuell avtale om allmennpraksis i fastlegeordninga», denne avtala styrer og leggje føringar på kva som er plikter og rettar knytt til lov- og avtaleverk, både for legane og for kommunen. Begge partar kan be om at avtala blir revidert ein gong i året. Alle tre legane har signert på å ha fellesliste, som gjeld for legekantoret på Stadlandet og fastlegeliste ved legekantoret i Selje i sin fastlegepraksis. For dei som står på fellesliste innebere dette at pasientar har rett til å ha ein behandlingsansvarleg lege, men kan likevel oppleve å kome til ulike legar. Ved legekantoret i Selje har dei «sine» fastlegelister, der pasienten får time med sin fastlege. Dersom ein skal utvide til to arbeidsplassar, innebere det at kommunen må seie opp noverande avtale og utarbeide nye. Risikoen er høg for at legane kan nekte å signere på ei ny avtale som fylgje av omgrepet fellesliste. Legane opplever i dag at pasientar er frustrert over å ikkje kunne få kome til sin fastlege ved Stadlandet legekantor, jfr. Fastlegeføreskrifta. Dette er uråd å oppretthalde ved noverande drift av legekantora.

Dette har også vore oppe til drøfting i samarbeidsutvalet med fylgjande tilråding.

Samarbeidsutvalet gjorde i møte 31.03.2014 denne tilrådinga: Drift av antall legekantor i kommunen; «Alle legane er samde om at det bør vere berre eitt legekantor. Dette har i tillegg behov for oppgradering for å kunne yte endå betre lege- og helsetenester.»

Konklusjon

Ved å oppretthalde noverande struktur vil det innebere kostnader knytt til::

- Driftsutgifter for 2 bygg
- Utrustning av kontormiljøet og arbeidsstasjonar på to stader
- Dobbelt sett av medisinsk utstyr
- Dobbeltarbeid og meirarbeid for personell med påfølgande kostnader.
- Lite stimulerande og lite attraktivt fagmiljø,
- Vanskeleg å behalde og rekruttere fastlege

Eitt legekantor i kommunen vil kunne føre til:

- Fastlege bli meir tilgjengelig fleire dagar i veka, fastlegeordninga blir styrket til det beste for pasienten
- Formelle og uformelle møtepunkt vert styrka både med tanke på tenesta og for arbeidsmiljøet
- Eit godt utbygd helsenett (NHN) med effektive data og kommunikasjonssystem gir styrka og meir effektiv elektronisk samhandling både internt i kommunen og eksternt.
- Meir samhandling (m.a. NAV, pleie og omsorg, fysio, helsestasjon, tannlege, jordmor) nærleik til disse er viktig - alle sørvis på ein stad
- Forutsigbar arbeidssituasjon og stad, mindre dobbeltarbeid og administrering
- Bedre pasientlogistikken og tilbud til heile kommunen, redusere gjestepasienter
- Bedre omdømmebygging
- Best mulig kompetanse til rett tid på rett stad med best mulig utstyr
- Utvikling av fagkompetanse og samhandling
- Medisinsk utstyr blir oppdatert og nytta effektivt.

Selje kommune vil få ei meir robust, kvalitativ og fagleg god legeteneste. Tenesta trenger hensiktsmessige kontorlokale med godt utsyr på ein fast stad, 5 dagar i veka

Sakshandsamar og tilsette ved legekantoret ynskjer å prøve ut ei ordning med kunn eitt legekantor i Selje i perioden 01.06.14 og ut året. Dette vil kunne gi rom for eit betre grunnlag for beslutning før endeleg vedtak. Dette er også avgjerande for at vi skal kunne behalde dei legane vi har i dag.

Saksgang

Kommunestyre gjere endeleg vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune går inn for ei prøveordning med eitt legekantor i perioden 01.06 – 31.12.2014. Dette for å betre kunne ta stilling til om kommunen skal ha eitt eller to legekantor i framtida.

Sakshansamar skal innan oktober månad legge fram ein evalueringsrapport om status knytt til drift av legekantor.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande

Framlegg frå SP / KRF:

Administrasjonen bes utføre kommunestyrevedtak 011/14 punkt 4 til kommunestyremøtet 18. juni.

Ein tek ut dei bygningsmessige kostnadane og sender ut til 3 tilbydarar for å få tilbod.

Framlegg frå FRP:

Det skal fortsatt vere 2 legekantor i Selje kommune.

FRP trekte sitt framlegg før røystinga.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 1 røyst for og 6 røyster mot.

Framlegg frå SP / KRF fekk 6 røyster for og 1 stemme mot.

FRP trekte sitt framlegg

FS-044/14 FRAMLEGG

Administrasjonen bes utføre kommunestyrevedtak 011/14 punkt 4 til kommunestyremøtet 18. juni.

Ein tek ut dei bygningsmessige kostnadane og sender ut til 3 tilbydarar for å få tilbod.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	045/14
Kommunestyret	28.04.2014	015/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FE-240	14/245

Omstilling - Ytre Stad Barnehage

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	22.04.2014	Nina Refsnes / Hilde Vik Gloppestad	Notat - Privat barnehage Ytre Stadlandet
3	I	24.04.2014	Foreldre ved Ytre Stad barnehage	Klage - Omstilling Ytre Stad barnehage

Saka gjeld

Kommunestyret ba i møtet 27. februar 2014 om ei utgreiing om økonomiske tilhøve knytt til ei eventuell nedlegging av barnehagen på Ytre (Tidlegare Ytre Stad skule og barnehage). Bakgrunnen for spørsmålet var eit uttrykk frå krinsen om planar for privat barnehagedrift viss det kommunale tilbodet i bygda vart lagt ned. Kommunestyret var kjende med at private barnehagar får kommunale tilskot, og ynskjer difor kunnskap om det økonomiske «skjeringspunktet» mellom kommunal drift og tilskot til ein privat barnehage.

Opplysningar til saka

Gjeldande rundskriv Udir-6- 2013: «Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentleg tilskudd til ikkje-kommunale barnehager» syner i kap. 2 til §14 i Barnehageloven at kommunen sjølv bestemmer om ein privat barnehage skal få tilskot viss den er ny/søkt godkjent etter 1. januar 2011. Dette betyr at Selje kommune sjølv kan avgjere om kommunen skal godkjenne og yte tilskot til ein privat barnehage som evt. vert starta opp på Ytre.

I dei økonomiske vurderingane kring barnehagetilbod for førskuleborna i den tidlegare skulekrinsen, vert difor alternativa slik:

Alternativ 1: Førskuleborna frå Ytre får plass i Leikvang barnehage frå barnehagestart i august 2014.

Alternativ 2: Selje kommune driv ei lita avdeling på Ytre (i skulebygget) administrativt lagt under Leikvang.

Alternativ 3: Bygda opprettar privat barnehage utan offentleg driftsstøtte.

Alternativ 3 er relativt lite realistisk då det kan bety svært dyrt barnehagetilbod for desse brukarane.

I utgangspunktet krev eit barnehagetilbod om lag like stor bemanning uansett kvar dette tilbodet er lokalisert. Vi ser imidlertid at med borna plassert i Leikvang barnehage, vil ein i større grad kunne optimalisere bemanninga enn det ein kan make i ei eining så pass langt vekk frå hovudbarnehagen. Dette betyr at ein med ei «fjernavdeling» må gå med ei noko høgare bemanning på jamna gjennom veka. Særleg gjeld dette pedagog.

I tillegg til meirutgiftene til personale, vil ein med ei avdeling på Ytre få ein del tilleggsutgifter knytt til drift av bygget: oppvarming, vedlikehald og reinhald (evt. reinhald og leige ved avhending av bygget). Stipulerte meirutgifter hausten 2014 er 200.000 kr.

Reint økonomisk vil det dermed vere ei tilråding frå rådmann på å gje borna frå Ytre barnehagetilbodet i Leikvang barnehage.

Lover/regelverk

Rundskriv Udir-6-2013.

Sakshandsamar si vurdering

Rådmann ser det som ei samfunnspolitisk vurdering å drive ei avdeling på Ytre –lagt under Leikvang. For dei av foreldra til borna på Ytre som ikkje kan levé og hente i barnehagen på Leikvang på veg til og frå jobb, vil det bli ein lenger veg med borna. Vidare skriv representantane for foreldra på Ytre at når dei no har mista skulen, er det viktig for bygdene å kunne behalde barnehagen i bygget og i bygda.

Det er plass til alle borna i Leikvang barnehage. Med noverande økonomiske rammer, tilråd rådmann at det ikkje vert oppretthalde drift i ei barnehageavdeling på Ytre.

Saksgang

Handsaming i Formannskapet. Kommunestyret gjer endeleg vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Barnehagetilbodet i noverande Ytre Stad skule og barnehage vert avvikla etter fullført barnehageår 2013-2014.

Alle førskuleborn i den nye skulekrinsen for Stadlandet oppvekstsenter, får tilbod i Stadlandet oppvekstsenter, Leikvang barnehage frå starten på barnehageåret 2014 – 2015.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande

Orientering:

Brev, dat. 22.04.14 frå Foreldre v/Ytre Stadlandet barnehage – Vedk. privat barnehage vart til orientering under referat 5 i sak 038/14.

Dokumentet høyrer til i FS sak 045/14

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-045/14 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	046/14
Kommunestyret	28.04.2014	022/14

Sakshandsamar Reidar Sandviknes	Arkiv FE-255, FA-S00	Arkivsak 12/1155
------------------------------------	-------------------------	---------------------

SFE-aksjane - Eventuelt sal

Opplysningar til saka

I K-sak 11/14 ber kommunestyret om utgreiing om eventuelt sak av Selje kommune sine SFE- aksjar. Bakgrunnen er at Selje kommune er i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon og vi må difor vurdere alle muligheiter som kan gi større handlingsrom.

Eige eller selje?

Det første ein må ta stilling til er - om ein uansett vil halde fram som eigar- eller om ein vil vurdere sal dersom ein får god nok pris og verdiutvikling av aksjane m.m, tilseier at dette er rett.

Eige:

- Dette med sal av aksjane har tradisjonelt sitte langt inne - då det på ein måte vert oppfatta som kommunen sitt arvesølv frå ei tid då ein bygde velstandslandet. Ein trygg verdiplassing som har gitt utbyte kvart år.
- Motstanden mot sal kan og vere tufta på at aksjar i miljøretta energiproduksjon, har vore sett på som framtidsretta og bli meir verdfulle i eit samfunn som er nøydd å legge om til ein grønarare profil.
- Det er nok og ein viss skepsis til å ha ein så stor sum lett tilgjengeleg. Det er mange dømer på at aksjepengar har vorte nytta til store investeringar som igjen har gitt auka driftskostnader.
- Generelt er avkastning over tid betre i aksjar enn i bank
- Avkastning = direkteavkastning + verdistigning
- Dersom ein sel og vel å bruke hovudstolen til nedbetaling av lån må ein trekke årleg utbyte frå innteninga. Det same om ein investerer pengane.

Selge

- På den andre sida ser vi at at kommuner som har eit strengt regime på forvaltning av verdiane, i trygge verdipapir /obligasjoner etc., får relativt god avkastning sett i høve til årleg aksjeutbyte i SFE.
- Nedbetaling av gjeld eller kjøp av kontorbygget vil minske driftsutgiftene. Dersom ein t.d nyttar 40 % av stipulert salssum til kjøp av kontorbygget vil dette minske driftsutgiftene årleg med ca 1,3 mill.
- Reduserer finansiell risiko
- Endra kommunestruktur. Mange meiner at det er fornuftig å realisere eigne verdier før kommunesamanslåing.

Kva verdi har aksjane?

Aksjane er ikke omsett på markedsplass, og det er derfor utfordrande å setje ein korrekt salspris før dei vert omsette. Den verkkelige verdisetjinga skjer mellom kjøpar og seljar. Det å få vurdert markedsverdien av kraftaksjane og vidare å realisere desse verdiane, er eit arbeid som har mange element. Det må gjennomførast analyser av selskapet sine kontantstraumar, rekneskaper, vurdering av eigardeler, strategiar, budsjetter, markedsituasjon m.m.

SFE vart verdsett i 2007 i samband med fusjonsforhandlingar med Sunnfjord Energi. Dette var ei verdsetting som vart gjort for å få samanliknbare verdier mellom Sunnfjord Energi og SFE, og ikkje nødvendigvis for å få fram marknadsværdi av aksjane. Verdisetjinga kan likevel brukast som eit grovt estimat for verdien av aksjane. Verdien som vart sett på SFE i samband med dette var ca 4,7 mrd NOK. Matematisk vil då verdien av Selje sin eigarandel på 1,39% vere ca 65 mill. kr.

Aksjonærene i SFE inngjekk 01.11.2002 ei aksjonæravtale. Aksjonæravtala (ikkje off.), vert lagt fram i møte. I pkt 4 er omsetjing av aksjane regulert. I SFE er det to aksjeklassar, A og B-aksjar. A-aksjar, som utgjer 2/3 av aksjane, kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova.

SFE i framtid – viser her til notat frå SFE:

(Utbyte 2013 for Selje til utbetaling i 2014 er kr. 200.000 meir enn budsjettert)

Årsrekneskapan for Sogn og Fjordane Energi (SFE) viser eit resultat etter skatt for 2013 på 134 millionar, noko som er 53 millionar betre enn resultatet for 2012. Dei offentlege eigarane får 101 millionar kroner i utbytte.

2013-rekneskapan til Sogn og Fjordane Energi syner driftsinntekter på nær 1,4 milliardar kroner, om lag 200 millionar kroner meir enn året før. Driftsresultatet auka med 95 millionar kroner til 418 millionar, mens resultatet etter skatt enda på 134 millionar kroner.

- Vi er sjølvsagt tilfreds med å oppnå eit av våre beste resultat nokosinne. Eit godt resultat skapar eit godt fundament for å få gjennomført dei store planane vi har for nettutbygging og ny kraftproduksjon. Det betyr også at vi kan betale ut vel 100 millionar til våre offentlege eigarar, seier konsernsjef i SFE, Terje Gjengedal.

Store svingingar i nettinntekt

På tross av redusert produksjonsmengd, frå 2189 til 1998 GWh, fekk SFE si produksjonsverksemd eit godt driftsresultat på 268 millionar kroner i 2014. Når det gjeld sal av straum til kundar vart det også ein liten reduksjon i salsvolumet.

Den største resultatauken skriv seg til nettverksemda. Det er styresmaktene (NVE) som avgjer kor mykje eit nettselskap kan krevje inn i nettleige, ut frå ei sokalla inntektsramme. Denne ramma varierer frå år til år, og blir fastsett slik at inntekta over tid skal dekke kostnadane til drift og avskrivning av nettet, og i tillegg gje ei rimeleg avkastning på investert kapital under føresetnad av effektiv drift og utvikling av nettet. Denne inntektsramma blir delvis bestemt ut frå selskapet sitt kostnadsnivå to år tilbake i tid. I 2011 opplevde nettselskapet ein kraftig auke i pensjonsforpliktingar, høge driftskostnader som følgje av orkanen Dagmar, og dermed eit større negativt driftsresultat. Det er dette styresmaktene har delvis kompensert for i 2013.

- Det er uheldig at rammevilkåra for nettselskapet er slik at det gir store svingingar i inntekter. Med tanke på dei store investeringane i infrastruktur i åra som kjem, burde denne type verksemd gje ei stabil og føreseieleg avkastning frå år til år. Men vi er ikkje åleine om dette, då dei aller fleste nettselskap hadde eit godt år i fjor, mykje grunna eit dårleg 2011, seier Gjengedal.

Svakare utsikter

Til tross for eit svært godt 2013-resultat, er utsiktene for inneverande år svakare. Ved inngangen til 2014 hadde SFE sine vassmagasin rett nok ei fyllingsgrad på 80%, noko som er høgare enn normalt. Men med ei mindre snømengd i fjella enn det som er normalt, er det venta at produksjonsselskapet vil produsere mindre kraft enn den gjennomsnittlege årlege produksjonsmengda på 2 065 GWh.

- Mindre produksjon, lågare marknadsprisar på kraft, og ei lågare inntektsramme for nettselskapet, fører til at vi ikkje kan vente oss eit like godt resultat for 2014, seier Gjengedal.

101 millionar i utbytte

Med utgangspunkt i resultatet tilrår konsernstyret eit samla utbytte på 101 millionar kroner til eigarane, som består av sju lokale eigarkommunar, Sogn og Fjordane fylkeskommune og BKK. Totalt har konsernet betalt ut ein milliard kroner i utbytte i perioden 2003-2013, inkludert eit større ekstraordinært utbytte i 2007.

- Vi veit at utbytte frå SFE er viktig for våre offentlege eigarar, enten det går til finansiering av skule, omsorg eller infrastruktur. Det gjer det ekstra hyggeleg å annonsere det høgste ordinære utbyttet nokon gong, seier Gjengedal.

I tillegg kan Gjengedal opplyse at ytterlegare verdiskaping for vertskommunane i form av konsesjonskraft, konsesjonsavgift, naturressursskatt og eigedomsskatt var på rundt 85 millionar kroner i 2013.

tabell under er det vist fordeling av utbytte per eigar:

Eigar	Eigardel	Forventa utbytte (mill. kr)
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	48,15 %	48,4
BKK	38,54 %	38,8
Flora kommune	4,51 %	4,5
Gloppen kommune/Gloppen Energi	3,36 %	3,4
Bremanger kommune	2,40 %	2,4
Askvoll kommune	1,44 %	1,5
Selje kommune	1,39 %	1,4
Eid kommune	0,14 %	0,1
Naustdal kommune	0,07 %	0,07
SUM	100 %	100 587

Skatteplikt?

I utgangspunktet er kommunar skattepliktige for gevinst ved sal av kraftaksjar (skattelova §2-5, 1. ledd bokstav b).

§ 2-38, 1. ledd g) kan likevel gi skattefritak for slike gevinstar. Dette er tilhøve kommunen sjølv må utgreie vidare dersom det skulle vere aktuelt.

Verdivurdering av aksjane i dag og verdiutvikling

Element som kan spele inn:

- Press på selskapet om direkteavkastning, som ligg høgre enn kva selskapet sjølv meiner tener selskapet.
- Framtidig marked, t.d prisar ved auking av produksjonskapasitet (vindkraft)
- Avtaler som går ut ? (leigevtaler, anlegg, fallrettar)
- Behov for investeringar i eksisterande anlegg

Analyse omkring dette må utførast av fagfolk.

Kjøparar

Aksjane er ikke børsnotert, og omsetnad skjer derfor utanom organisert markeds plass. Omsetnad av aksjane er m.a. regulert av Industrikonsesjonsloven, og aktuelle kjøparar kan være Fylkeskommunen, BKK og dei andre eigarkommunane.

Eventuelt sal

For å sikre en ryddig prosess, må vi nytte ekstern hjelp. Desse kan gi ein verdivurdering? og styre prosessen mellom kommunen som seljar, kjøparar og selskapet.

Mange kommuner har nytta meglar der ein inngår avtale om fast honorar, eller ein andel av salsverdien. Nokre kommuner har nytta advokatselskap med denne kompetansen og gjort avtale på timebasis. Rådmannen vil tilrå sistnemnde, då innhenta opplysningar tyder på at dette vert mindre kostbart.

Bruk av meglar/advokathjelp til slikt sal er unnateke Forskrift om offentlige anskaffelser (§1-3, e.)

Forvaltning av verdiane

Dersom ein kjem fram til at det er rett å selje aksjane og hente ut av egenkapitalen fra selskapet, kan inntektene til kommunen bli definert som investeringsinntekt – og dermed ikkje nyttast til å dekke driftsutgifter.

Ved et vedtak om sal, vil det vere fornuftig at ein på førehand har gjort ei vurdering av kva inntektene skal nyttast til.

Det viser seg ofte at det er betre å ha lagt en strategi for forvaltning av midlane før salet er føreteke, enn etter.

Saksgang

Handsaming i Formannskapet. Vedtak i Kommunestyret

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Rådmannen får fullmakt til å hente inn tilbud på ekstern fagkompetanse til å førestå analyse, førebuing og gjennomføring av eventuelt sal av Selje kommune sin aksjepost i SFE.

Kommunestyret ynskjer å få klargjort følgjande:

- Verdivurdering av kommunen sin aksjepost i SFE.

- Vurderingar kring eventuell realisering av desse verdiane; fordeler og ulemper ved å halde på aksjeposten kontra å selge. Tilhøve kring skattelegging.
- Tilhøve kring ein salsprosess som sikrar best mulig pris.
- Eit grunnlag for å sikre at verdiar blir tekne vare på og forvalta på ein rett og berekraftig måte. Strategisk analyse av trender og utviklingsmuligheiter for porteføljen, m.a forventa langsiktig avkastning.
- Gjennomføring av salet.

Tilbodet skal leggast fram for formannskap og kommunestyre for vidare vurdering av saka og eventuell finansiering.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande

Orientering:

Saka var av sakshandsamar unnateke off. ved utsending av møteinnkalling.

Saka vart før møtehandsaming 23.04.14 gjort offentleg.

I starten av møtet var det orientering frå Sogn og Fjordane Energi (SFE) v/Terje Gjengedal og Martin Holvik. Tema: SFE-aksjane til Selje kommune.

Møtet var lukka/unnateke off. under orienteringa - Kommunelova §30-pkt.4 og §31- pkt.5

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 3 røyster for og 4 røyster mot.

FS-046/14 FRAMLEGG

Saka går vidare til Kommunestyret utan tilråding.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.04.2014	047/14
Kommunestyret	28.04.2014	019/14

Sakshandsamar Reidar Sandviknes	Arkiv FE-240	Arkivsak 14/85
------------------------------------	-----------------	-------------------

Økonomisk omstilling Selje kommune (2) - Budsjett 2014

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
24	S	13.02.2014		Økonomisk omstilling Selje kommune - Budsjett 2014

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
03.04.2014	Budsjettrammer 2014 - Oppvekst	54738
22.04.2014	Rammer og minimums-behov 2014	55138

Opplysningar til saka

I K-sak 11/2014 vart det lagt fram eit budsjett i balanse. Dette var bygt på rapportane frå arbeidsgruppene Agenda Kaupang og ytterlegare kutt frå rådmannen, som føresette kutt i stillingar på ulike einingar. Kommunestyret vedtok fordeling av sektorrammene slik det låg føre, men ba om utgreiing av fleire. Denne saka handlar om pkt 3, 4 og 5 i vedtaket.

3. Nedlegging av Ytre Stad barnehage skal utredast ang. evt.:

- oppstart av privat barnehage
- kommunale kostnader – overføring ?
- innsparing av personale ?
- innsparing hus/straum-kostnader ?

Saka vert utreda og vert teke oppatt i kommunestyre 28. april, der ein vert framlagt konkret tallmateriale om innsparing ved nedleggelse av barnehagen.

4. Stadlandet doktorkontor vurderast oppgradert til kontor for 2 samstundes praktiserande legar. Bygningsmessige krav frå aktuelle instansar vert identifisert og kostnadar ved tilsvarande

oppgradering lagt på bordet. Innkome tilbod frå lokal entreprenør vurderast iht. gjeldande reglement og innkjøpsprosedyrer. Det vurderast om tilbodet stettar framkomne krav i førre avsnitt.

5. Oppvekst: Selje er ei kystkommune og har i dag ei symjeopplæring som er på eit absolutt minimumsnivå. Tilbodet som er lovpålagt skal ikkje reduserast og skal førast opp med kr. 100.000 som er lik vedtatt budsjett for 2014.

Formannskapet ynskjer utredning og endring av adm. og pol.

Andre punkt som må vurderast og er under arbeid :

Administrativ organisering , jfr. notat til formannskapet 23.4.

Politisk styring

I K-sak 11/14 – budsjett-tabellane, er det vist til at her manglar tiltak kr. 108.000. Det er sett ned ei politisk gruppe som skal sjå på dette til kommunestyremøtet i juni.

Oppvekst

Driftsutvalet har i møte 12.03.14 sak 11/14 - Budsjetttrammer 2014, gjort fylgjande vedtak: Driftsutvalet tilrår at Oppvekst (inkl.PPT) får tilført minimum kr. 830.000 for 2014, jfr. utgreiing.

Finansida

Det vert full gjennomgang på finansdelen i første budsjettjustering. Det vi veit i dag er:

- SFE- utbyte til utbetaling i 2014, kan aukast med kr. 200.000.
- Det er opning for å dele opp og dekke inn akkumulert underskot over 4 år.
- Reservepost er kr. 1,5 mill.

Sakshandsamar si vurdering

Ytre Stad barnehage => sjå f-sak 45/14

- Dersom ein held fast på tilrådinga i k-sak 11/14 skal ein ikkje tilføre eininga noko meir. Då får ein barnehageplass i Leikvang barnehage.
- Dersom ein vel «filial» på Ytre, administrativt lagt under Leikvang, må det tilførast kr. 200.000.

Stadlandet legekantor => sjå f-sak 44/14

- Dersom ein held fast på tilrådinga i k-sak 11/14, skal ein ikkje tilføre eininga meir pengar.
- Dersom ein oppgraderer til 2 legekantor på Stadlandet, er det i første omgang investeringar og utstyr som må på plass. Viser til F-sak 44/14
- Dersom ein har same opplegg som i dag ut året må det tilførast kr. 80.000.

Oppvekst- symjeopplæring

Her er det gjort vedtak om auke kr. 25.000, som må tilførast eininga.

Rådmannen forstår punkt 3 og 4 som utgreiingar, der ein førebels ikkje har sakt kva ein vil gå for. Administrasjonen må difor i tillegg til opprinneleg tilråding vise kva nye alternativ kosta og som ein politisk må velge mellom.

Dersom ein skal velje andre alternativ enn tilrådinga, vil dette vere nest billegast løysing:

Avdeling under Leikvang på Ytre hausten 2014	200.000
Stadlandet legekantor, som i dag hausten 2014	80.000
Symjeopplæring	25.000
Sum	305.000

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ulike alternativ i tillegg til oppr. tilråding er utgreia og vert lagd fram til politisk handsaming.

Handsaming i Formannskapet - 23.04.2014

7 voterande

Orientering:

Sak 11/14 i Driftsutvalet 02.04.14 «Budsjettrammer 2014 – Oppvekst», vart teke med under handsaming av sak 47/14 i Formannskapet.

Framlegg frå SP:

Forslag i KS-sak 11/14 om kr. 25.000 i auke går ut.

Vedtak i FS-sak 44/14 og 45/14 medfører at budsjettet er i balanse.

Framlegg frå ordførar:

1.Oppvekst og PPT får tilført 830.000,-. Dette vert finansiert ved auka nedbetalingstid med 1 år på dekning av tidlegare underskot. Inndekning på budsjett 2014 vert då 2.984.000,-. Økonomiplanen vert justert i tråd med dette.

2.Oppvekst: Symjeopplæring får ei ramme på 75.000,-.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 0 røyster for.

Framlegg frå SP fekk 6 røyster for og 1 røyst mot.

Framlegg frå ordførar fekk 1 røyst for og 6 røyster mot.

FS-047/14 FRAMLEGG

Forslag i KS-sak 11/14 om kr. 25.000 i auke går ut.

Vedtak i FS-sak 44/14 og 45/14 medfører at budsjettet er i balanse.

